



Grønn etat
Postboks 7700
5020 Bergen

Bergen 10.juni 2008

Forvaltningsplan for Smørås, Hamrefjellet og Stendafjellet) (Byfjellene Sør, Delområde I)

Høyringsuttale frå Naturvernforbundet Hordaland(NVH)

Generelle kommentarar

Byfjellene Sør (Smørås-, Hamre- og Stendafjellet) er nærturområde for ca 20 000 menneske (2007) og ein brukarfrekvens på 1000-1500 pr veke i sommarhalvåret. Det er eit av dei mest brukte turområda i Bergen kommune. Planen byr såleis på store utfordringar fordi her er så mange kryssande brukarinteresser, der omsynet til naturvern og biologisk mangfald er ein viktig del. Dette har forslaget teke omsyn til og lagt inn tre ulike forvaltningsnivå, ein friluftssone (F), ein skogbrukssone (S) og ein kombinert skogbruk- og friluftslivsone (SF), i tillegg til nokre små verneområde. Heile område dekker eit areal på 5.4 km²

Saksutgreiarane i Bergen kommune (Grønn avdeling) har gjort eit godt arbeid og laga ein plan som i hovudsak tek omsyn til dei kryssande interessene, slik at Naturvernforbundet Hordaland sine kommentarar stort sett berre gjeld mindre endringar av byfjellgrensa eller mindre forbetringar.

2. Fjellområdet Smørås-Hamrefjell-Stendafjell (s. 14-15)

NVH vil understreka det som står på side 15 om behovet for grøne korridorar og samanheng med tilgrensande naturområde. Dette er viktig både for vilt og for turgåarar. Vi vil særleg peika på korridorane Hordnes-Stend, Valle-Totland, Hamre-Fanafjell og mot Osbanen og grøntsonene ved Apeltunvatnet, Tranevatnet og Klokkarvatnet. Innan planområdet foreslår vi å styrka korridoren Stendafjellet-Nøttveit ved å opparbeida ein tversgåande turveg mellom dei to delområda.

3. Natur og landskapskvaliteter (s. 16-21).

I planutkastet blir det hevda at det ikkje er påvist forekomst av hakkespetter og ugler i området. Dette stemmer ikkje, for i Smøråslia Vel sin høyringsuttale av 13.1.05 til AS Rambøll sine utbyggingsplanar på nordre delen av Smøråsfjellet og Smøråslia står det at både kattugle og kvitryggspett er observert, og at Tranevatnet er viktig hekkelokalitet for traner og andefuglar.

Når dette er sagt, meiner NVH at natur- og landskapskvalitetane er godt dekkja av planutkastet, og at det er svært positivt og viktig at det meste av Smøråslia med dei to verneområda og den bratte lia ned mot Tranevatnet er kome innanfor byfjellgrensa. I tillegg

vil vi foreslå at heile Tranevatnet med kringliggande grøntsone blir innlemma i forvaltningsplanen.

4. Kulturminner (s. 22-24)

Det burde vore nemnt at hustufta på Nedste Verkane ovanfor Hamre er spor etter ein tidlegare øydegard frå før Svartedauen (Fana bygdebok bind 1). Nedste Verkane har truleg vore støl under Hamre, og landskapet har framleis tydelege spor etter tidlegare kulturmark.

Heile fjellpartiet som forvaltningsplanen omfattar, har vore svært hardt utnytta, både ved hogst, beiting, torvtaking og ved tjære- og trekolproduksjon. Namnet Kolabotn ovanfor Titlestad er eit minne om dette. Foto-dokumentasjon frå 1900-1920 viser korleis landskapet såg ut før skogplantinga starta.

5. Landbruk (s. 26-29)

Innanfor byfjellgrensa i planutkastet er det planta mykje skog, for det meste gran, etter at fjellet var heilt snautt og nedbeita for 60 år sidan. Denne skogen vil bli hogstmoden om 20-25 år, og NVH ser det som svært positivt at det er planlagt skogsbilvegar gjennom plantefelta for å ta ut denne skogen. NVH meiner at Bergen kommune i samarbeid med grunneigarar må føra ein aktiv politikk for delvis å erstatta gran med andre treslag, og å kombinera skogbruk med friluftsliv og naturvern.

6. Friluftsliv og fysisk aktivitet (s. 30-35)

Planen er oversiktleg og god når det gjeld bruksfrekvens for dei ulike områda, og kor mykje dei har å seia som uteområde og pedagogisk tilbod til skular og barnehagar. NVH vil her særleg peika på kor viktig randsona mot dei tette bustadområda i nord og nordvest er. Fleire skular bruker desse områda aktivt til lek og undervisning. Smøråslia, sørsida av Tranevatnet og Nøttveit med det tilrettelagde friområdet rundt Bjørnevatnet der Smøråsfjellets Venner har gjort ein stor innsats, er særleg viktig. NVH vil her peika på at området Lyshaugen på Nøttveit er det einaste av desse uteområda som ligg utanfor den foreslåtte byfjellgrensa, noko som tilseier at byfjellgrensa blir flytta fram i dette området (sjå kart s. 35)

7. Tekniske inngrep (s. 36-39)

I tillegg til dei høgspenningane som er nemnt, går det ein mindre enkel straumledning frå Kirkebirkeland sørvestover til Smørås og Nøttveit.

9. Atkomsten til området (s. 40-43)

Det går tydeleg fram av planutkastet at trass i den enorme innsatsen som Smøråsfjellets Venner har gjort for å bygga og vedlikehalda turstigar for ulike brukargrupper rundt Militærvegen og Bjørnevatnet, så trengs det fleire innfallsportar. I tillegg til parkeringsplassar på Nøttveit og Stend, bør det difor opparbeidast parkering ved Smørås skule, Kirkebirkeland, Valle og ved Hamretjern, (busshaldeplassen). Betre merking er også nødvendig, slik planen påpeikar.

10. Områder, anlegg og stier i SHS (s. 44-47)

Dette kapitlet gir eit godt oversyn over dagens situasjon og potensialet for framtidig bruk. NVH har følgjande kommentarar:

- (1) Det er positivt at den gamle kyrkjevegen frå Kirkebirkeland til Fana kyrkje er nemnt i planen. Denne gamle turvegen er viktig både som kulturminne og som innfallspori til området. Truleg har vegen vore i bruk sidan middelalderen. Mange vil undrast på

kvifor vegen gjekk over fjellet i staden for å gå i låglandet langs Kalandsvatnet eller Rådalen. Her må me hugsa at vegnettet i Fana berre er vel 200 år gammalt, og at det då var store myr- og våtmarksområde som måtte kryssast for å koma fram i låglandet. Over fjellet kunne ein gå relativt tørrskodd, og ein hadde vidt utsyn over bygda frå vegen. Langs ruta finn me i dag mange vitnemål om dette, som Kyrkjeledet og Kyrkjebakkane på Smørås, Altarsteinen ovanfor Steintrælia og Krykkjehaugen eller Kyrkjehaugen øvst på Titlestad. Postvegen frå Bergen til Stavanger gjekk rett forbi den gamle kyrkjestaden på Kirkebirkeland, og det er nærliggjande å tru at den gamle pilgrimsvegen frå Bergen til den undergjerande sølvkrossen i Fanakyrkja i middelalderen følgde denne ruta. Men den gamle kyrkjevegen over Smøråsen har vore i bruk lenge etter at postvegen, Fanavegen og Hamrevegen vart bygd. Eldre folk på Titlestad kan såleis fortelja at Titlestad Kvinneforening hedde medlemmer som budde på Smørås og nytta den gamle vegen når dei skulle på misjonsmøte på Fana. Og elevlar frå Nøttveit gjekk på Kirkevoll skule like til etter krigen.

- (2) Sidan kyrkjevegen er ein gamal ferdsleveg som det er hevd på, er det tvilsamt om grunneigarar har rett til å setja opp skilt med "Ingen gjennomgang" ovanfor tunet på Øvre Titlestad. Dette skiltet må enten fjernast, eller det må finnast ein annan trase, utanom tunet. Ei slik løysing kan vera å la kyrkjevegen gå gjennom Kolabotn og vidare langs fjellsida ovanfor tunet, for så å koma fram igjen til vegen opp til Øvre Titlestad lenger nede (kart D).
- (3) I tillegg til kyrkjevegen var det i eldre tid også ein byveg frå Nøttveit over Lyshaugen ned til Apeltun, der det var eit vognhus. Dette er eit tilleggsargument for å inkludera dette område i forvaltningssona.

11. Fremtidig forvaltning

11.1. Byfjellgrensen (s. 48-50)

NVH støttar intensjonane i forslaget til forvaltningsplan, men har desse kommentarane:

- (1) For at heile vegtraseen skal koma innanfor byfjellgrensa (bortsett frå det korte strekket i Steintrælia) foreslå vi at byfjellgrensa frå Steintrælia til bruk 1 på Nøttveit blir flytta fram slik at Lyshaugen og Austredalen kjem innanfor området (sml. kart s. 70), i tillegg til det vesle området kring tunet på bruk 1 på Nøttveit. På kartet s. 70 er byfjellgrensa i dette området teikna inn som "uavklart", og det blir vist til pågåande reguleringsplan for Nøttveit. NVH ber om at dei nemnte endringane blir tekne med i reguleringsplanen. Området på Lyshaugen omfattar eit svært mykje brukt område for lek og uteaktivitetar, som blir brukt både av turgåarar og av skulane i området (Smørås og Apeltun). [Katalogstopp](#)
- (2) NVH ser det som svært viktig at byfjellgrensa på strekninga frå Steintrælia til Kuhammaren (kart E) og derifrå til Kirkebirkeland og Valle (kart A) blir uendra. Vi veit at det blei levert inn forslag til ei privat utbygging av heile nordre delen av Smøråsfjellet frå firmaet Rambøll AS i januar 2005 og seinare i januar 2006 etter første avslag i byrådet. Vi fryktar at desse interessene vil gjera eit nytt forsøk på å amputera planen ved å byggja ned eit viktig natur- og friluftsområde. Difor håpar vi at det heller ikkje denne gongen blir gjort nokon endringar i planen på denne strekninga, slik han no ligg føre.

11.3. Brukerinteresser.

NVH støttar det som står på side 51 om at friluftsløva gir høve til å halda i hevd gamle ferdselsårar og utarbeida turkart der desse er innteikna, utan at det må liggja føre avtale med

grunneigar. Dette kan for eksempel anvendast på den delen av kyrkjevegen som går frå Smørås til Kirkebirkeland.

Ellers støttar vi det som står vidare om informasjon (s. 53-54) og om skogbruk (s. 54-55) og terrengtilpassa skogsvegar, som samstundes kan vera eit tilbod til andre brukargrupper (syklistar, ridande) også etter at skogsdrifta er opphøyr.

11.4. Soneinndeling og differensiert forvaltning (s. 55-59)

NVH støttar tiltaka som er nemnt i planforslaget, og vil understreka behovet for universell utforming av brukssone F (aktivitetsområdet) og av skjøtsel og vedlikehald av stigar og skogrydding i brukssone SF (skog og friluftsliv). Det er særleg behov for skogrydding langs Kyrkjevegen mellom Smørås og Kirkebirkeland. Vi støttar også forslaget om detaljplan for aktivitetsområdet rundt Bjørnevatnet, inkludert kulturlandskapet ved Lyshaugen/Austredalen på Nøttveit. Etter kvart som større område blir tilgjengeleg, bør det opprettast nye aktivitetsområder, for eksempel i Smøråslia, Hurlumheien/Torneberget og på Hamrefjellet/Orrhaugane.

11.5. Retningslinjer

NVH sluttar seg til retningslinjene som er stilt opp på side 60-63. Bergen kommune bør i tillegg vurdere å setje fram krav om at eksisterende høgspenlinjer blir lagt i jordkabel. Høgspenlinjene er i dag ei estetisk forureining og kan i mange tilfelle vere skadelig for fuglelivet. Mange fryktar også dei helsemessige effektane av slike høgspenlinjer og vil dermed oppleve dei som ei sterk hindring fra deltaking i området. NVH rår at dei blir samlokalisert med andre inngrep.

Bergen/Fana, 3.6.2008

For Naturvernforbundet Hordaland
(.Sign)

Ingar Flatlandsmo
(leiar)

(.Sign)

Oddvar Skre
(saksbehandlar)